

## Uttale vedkommende konsesjonssøknad på småkraftverk i Sandvassåna, Lyngsåna og Storåna i Hjelmeland:

**Underteikna:** Sigbjørn Schmidt er ikkje grunneigar i området, men har gjennom eit langt liv vore flittig brukar av heile dette utmarksområdet.

**Bakgrunn:** Tidlegare bonde, nå pensjonist. Erfaring som lokalpolitikar lokalt i Hjelmeland og på fylkesplan, tidlegare medlem av Rogaland Fylkes Energi utval og slett ingen motstandar av vannkraft!

Her er me likevel på eller over grensa for det som bør tillatast.

### Sandvassåna.

Dette er eit svært mykje brukt utfartsområde. Reguleringsiltak i Sandvatnet bør ikkje tillatast.

Inntaket bør flyttast ned mot Sandvassjuvet. Kraftstasjonen bør flyttast opp til området der elva deler seg slik at det unike deltaområdet ned mot Uravatnet/ Beinskjervatnet vert urørt.

### Lyngsåna.

Søknaden her er forma som om dette var eit uregulert vassdrag!

Det må ikkje gløymast at heile nedslagsfeltet til Lyngsvatnet og Svartavatnet tidlegare er ført over til Lyse.

Det er difor feil å omtala den planlagde slukevna til det eventuelle kraftverket som 2,5 ganger middelvassføring.

Truleg er middelvassføringa i dag på nivå med, eller mindre enn, alminnelig lavvannføring i uregulert tilstand!

Rykanfossen og juvet er eit unikt stykke natur og vassføringa burde ikkje vera mindre enn alminnelig lavvannførings før regulering.

### Storåna.

Det same kan seiast om Storåna.

Vass sleppet ved osen av Hiavatnet er kalkulert ut frå lavvannføring i dag og ser heilt bort frå at mest heile nedslagsfeltet til Storåna, over om lag kote 750, er overført til Lyse!

Middelvassføring i dag er truleg mindre enn alminnelig lavvassføring i uregulert tilstand, og mindre bør det ikkje bli!

Strekket frå Nes til Viglesdal er innfallsporten til det meste av Årdalsheiane. Området er svært mykje brukt som turområde både for bygdefolk og andre. Stavanger Turistforening har ei av sine mest besøkte hytter i Viglesdal, og rutenett vidare mot Stakken, Nilsebu, Grasdalen m.v

Turen frå Nest til Viglesdal er ei oppleving. Fossane er det som gjev landskapet karakter frå Nes til Myrstøl. Etter det kjem Viglesdasvatnet med vill natur, høge fjell og store urer. Brua over Storåna og vegen gjennom Viglesdalsurene, bygd som Fylkesveg tidleg på 1900 talet, er eit kulturminne av rang! Alt dette er med og gjer turen spesiell!

Forsvinn det meste av restvassføringa vil mykje av turen bli øydelagd.

Mvh.

Sigbjørn Schmidt

Adr. Sjøvegen 1, 4137 Årdal

E-post: s.schmidt@lyse.net

Mob: 952 67 992